

Leiar Landsmøte

Venstres val
enno i det blå

Venstre-leiar Trine Skei Grande har i realiteten berre utsett valet om kva partiet vil gjera neste haust.

Landsmøtet i Tønsberg var på alle måtar eit mellomvalår-landsmøte for landets eldste parti. Samlinga var i hovudsak prega av fred og forsoning og ein partileiar som står heilt utan utfordrar. Men to trekk viser igjen at partiet er delt som så ofte før.

Motstandarane av fossil energi, leia av sentralstyremedlem Rebekka Borsch frå det ikkje spesielt oljetunge fylket Buskerud, prøvde igjen å framskunda avviklinga av norsk olje- og gassindustri.

På den andre sida finn me Rogalands-delegasjonen som fekk moderert landsmøtevedtaka noko. Saman med nestleiar Terje Breivik frå Hordaland som i lag med Iselin Nybø på Rogalands-benken fremma eit framtidiretta, om enn kanskje vel optimistisk framlegg til tiltakspakke for 4,5 milliardar kroner for å avhjelpa den uomtvistelege krisa på Vestlandet.

Venstre burde ha teke eit vegval no.

Terje Breivik har eit godt poeng i det han seier at det grøne skiftet, paradoksal nok, vert seinka av krisa i oljeindustrien. For mange av dei

selskapa som no går for meir eller mindre halv maskin har vore leiande på innovasjon og utvikling som er ein føresetnad for det mykje omtala skiftet.

Ingenting tyder på at det vil nytta å lena seg tilbake og venta på stigande oljeprisar. Fallet i oljeprisen kombinert med sterkt aukande kostnadsnivå på norsk sokkel og eit USA som er sjølvforsynt med energi har truleg utløynt varige nye rammevilkår. Men etter Paris-avtalen veit me uansett at norsk næringsliv må verta grønar.

Venstre er delt i to i saka og konkluderte aldri endeleg med at fossilalderen er over i Norge.

Partiet konkluderte heller ikkje med kva som skal skje etter valet neste haust. Partileiaren hadde eit fromt og heilt sikkert oppriktig ønske om ei mindretalsregjering med Høgre, KrF, Venstre og moglegvis Miljøpartiet Dei Grøne.

Det er ut frå alle meiningsmålingar og dei tydelege signala frå Høgre og Frp heilt og halde urealistisk. Venstre har i røynda valet mellom å støtta den borgarlege regjeringa eller vurdera som KrF å skifta side. Her er den andre store splittinga i partiet: Mellom dei som slit tungt med å støtta Frp, særleg i asylopolitikken, og maktpolitikarane som meiner at utteljinga som støtteparti på borgarleg side er verdt prisen.

Me trur Grande og partiet hadde stått seg betre til 2017-valet ved å ta eit vegval no.



PITTER

Venstres vingling om brems i oljeutvinning viser at partiet er i god gammel form.

Gjestekommentar

Utan ein tråd

Kven skal seie frå når keisaren er utan klede?



Klaus Mohn

Professor, Handelshøgskolen ved UIS og NHH

Folk som går i takt, kallar ofte på kjenslene. Ofte kan det kjennast godt å dele retning og mål, i alle fall så lenge ein er på rett veg. Men om alle går i slutta tropp, korleis kan ein vite at ein ikkje er på veg mot stupet? Og her kjem den andre kjensla inn, den gnagande uroa for at retninga kan være feil, og at kursen bør justerast.

Det er litt på same vis med universiteta og samarbeid med næringslivet. Ofte kan kontakten med private kapitalinteresser kaste av seg kunnskap og innsikt til nytte for begge partar. Men til tider kan lobbyverksemda frå næringslivet trenge korreksjon frå uavhengig hald, og då er det viktig med kritisk distanse.

Store ressursar, sterke interesser

Flokkmentalitet har fått skulda for meir enn ei krise, og er diverre nyttig for å forstå dagens situasjon i Stavanger-regionen og. Eit stykke på veg er tilbakeslaget nemleg resultat av eit monomant og ubøyeleg jag etter vekst, utan tilstrekkeleg sideblikk til kostnader og risiko. Denne erfaringa bør ein ta lærdom frå, både i næringslivet og i resten av samfunnet.

Når næringsinteressene møter politikarar og forskarar, er målet ofte å søkje støtte for si eiga forståing av verda rundt verksemda. Realitetsorientere

Den historiske rolla til universiteta som ålmann dannelsingsinstitusjon er ikkje så lett å få auge på lenger.

debatten, som dei seier. Om publikum og politikarar deler næringa sine premissar, så aukar nemleg sannsynet for at politikken blir slik næringslivet vil ha han. Ikkje minst gjeld dette om forskarar og akademiske institusjonar er med på laget.

At forskarar kan vere viktige våpendragarar for næringslivet, har fiskeriminister Per Sandberg minna oss om ved fleire høve denne våren. I sitt oppgjær med «mørke krefter» har han gått langt i å instruere Havforskningsinstituttet til å slutte rekker med regjeringa sine vekstambisjonar for oppdrettsnæringa, til jubel frå næringa sjølv.

Dette kan umuleg vere ei god utvikling, korkje for politikken, for næringslivet eller for academia. Korporativismen kan kanskje ha sine fordelar, men når

han nærmar seg autoritær einsretting, skal ein verkeleg vere på vakt.

Livet er meir enn næringslivet

Det er her ein må huske at næringslivet ikkje er alt. Det er ikkje slik at alt som er bra for næringslivet, utan vidare er bra for nasjonen. Til dømes har den oljefyrte oppgangen i norsk økonomi gitt varige skadeverknadar i form av destabilisering og svekka konkurransevne, spesielt på våre kantar av landet.

Det er heller ikkje slik at alt som er bra for næringslivet i Stavanger-regionen med naudsyn er bra for by- og samfunnsutviklinga i landsdelen. Dei som er i tvil om dette kan lese Alexandria Algard sitt oppgjær med byutviklinga i Stavanger sist tysdag. Og om ein fortsett ikkje er overtydd, så kan ein ta seg ein studietur til Sandnes, eller til ei tilfeldig vald vestlandsbygd.

Av slike grunnar er det særleg viktig at ein set pris på kritiske spørsmål til alle analysar, budskap og politikk-råd, og spesielt dei som spring ut av spesifikke interesser. Kva om vekstambisjonane for oppdrettsnæringa verkeleg ikkje let seg foreine med berekraft? Kva om karbonfangst og lagring i realiteten er eit blindspor? Og kva om lokaliseringa av sjukehuset til Ullandhaug ikkje var godt nok opplyst?

Uavhengigheit på vikande front

Talet på uavhengige institusjonar som kan skjøtte slike kritiske kontrollfunksjonar for samfunnsutviklinga, er på veg ned. I dagens samfunn er informasjon og kunnskap ofte bestilt og betalt. Men universiteta klamrar seg fortsatt til tradisjonen. Med høg kompetanse, integritet og uavhengigheit er dette institusjonar som i utgangspunktet har gode føresetnader for å dele uhilda kunnskap basert på forskning.

Men no er universiteta òg under press. Krava til di-

rekte relevans og direkte nytte er på veg opp, både i undervisning og forskning. Humanistiske og estetiske fag er på vikande front, for næringslivet har fortalt oss at det er realfag som gjeld. Den historiske rolla som ålmenn dannelsesinstitusjon er dermed ikkje så lett å få auge på lenger.

Forskinga ved universiteta blir stadig meir avhengig av eksterne midlar, som oftast tildelt gjennom Forskningsrådet (NFR), men stundom òg direkte frå næringslivet. Også her blir det lagt aukande vekt på brukarstyring og nytteverdi, og næringslivet gjer seg sterkt gjeldande i innretting og styring av NFR sine forskingsprogram.


Tilsvarende tendensar er tydeleg reflektert i ambisjonane ved universiteta om nyskaping, innovasjon, entreprenørskap og samarbeid med næringslivet. Modellar for leiing og styring blir stadig meir forretningsorienterte, og stadig kjem det skjermbrev i internposten om visjon, misjon, verdigrunnlag, strategiar, planar, målstyring, rapportering og oppfølging.

Og det tek ikkje slutt her. I dag er rektoren ved UiS vald av dei tilsette, i tråd med akademisk tradisjon. Neste skritt er etter alt å døme at rektor vil bli tilsett av styret, igjen under inspirasjon og påtrykk frå næringslivet.

Kringvern om kritikken

I academia set me stor pris på motstand og kritikk som reiskap for kunnskapsutvikling. Læringa skjer ved at me bryner oss mot andre. «Utfordre det velkjente, utforske det ukjente», som det heiter i mottoet for Universitetet i Stavanger.

Forma er kritisk og kan til tider være hard, men målet er velmeint og klart: Å bryte nytt land for kunnskapen, til beste for alle sider ved samfunnsutviklinga. Denne rolla er det vel verdt å verne om.



Forskinga ved universiteta er i aukande grad avhengig av eksterne midlar frå aktørar, både offentlege og private næringsinteresser, som legg vekt på brukarstyring og nytteverdi. Kva skjer då med universiteta si historiske rolle som uavhengig leverandør av kunnskapsbaserte korrektiv? (Teikning: Kåre Eikeland, 2007)

Replikk

Farlig avsporing

Får jeg minne om et gammelt jungelord? «Det private er politisk».

Hva det betyr? Det betyr blant annet at lensmannen i Gjesdal, og de som styrer budsjettene i politietaten, skal forebygge voldtekt ved å etterforske, tiltale og fengsle overgripere. Ikke ved å be kvinner passe seg sjøl.

Budskapet fra lensmannen i Gjesdal i forkant av russetreffet i Kongeparken skulle derfor vært noe sånt som at: Politiet har økt tilstedeværelsen. Lensmannskontoret i Gjesdal og politistasjonene i distriktet prioriterer fra nå av etterforskningen så høyt at overgripere må regne med å bli tatt, tiltalt og fengslet.



Torunn Egge Roux
journalist

Strykkarakter

En gruppe nedsatt av Politidirektoratet (POD) slo senest i fjor fast at politiets innsats i etterforskning av voldtektssaker står til stryk. Gruppen kritiserer politiet for slurv, dårlige rutiner og sviktende kompetanse i grunnleggende detektivarbeid.

Det er dette enhver debatt om voldtekt må handle om, alt annet er farlig avsporing.

Lensmannens jobb, under russetreffet i Kongeparken og hver dag før og etter dette, er å bidra til å forbedre en statistikk som plasserer Norge blant land vi ellers sterkt misliker å sammenligne oss med.

Foreldreansvar

Mødre og fedre skal passe på ungdommene sine, selvsagt skal vi det. Vi skal fortsette å advare mot å ruse seg fra sans og samling og formane om hva som er akseptabel og hva som ikke er akseptabel adferd. Hvor kom forestillingen fra om at det er her det svikter?

Formaningene skal vi gi vel vitende om at voldtekt ikke har sammenheng med kvinners grad av frihet. Det er faktisk motsatt. Bare sjekk tallene fra land som virkelig tar på alvor ansvaret for å begrense kvinners bevegelsesfrihet.

Vi vet hva som virker, enten det dreier seg om voldtekt eller skatteunndragelser: Et godt lovverk og nok ressurser til etaten som skal håndheve lovverket.

Og selvsagt vilje og forstand til å bruke ressursene rett.

MER DEBATT
SIDE 24-25

Hva skjer i Atlanteren
Martin Hovland, Sola
Velkommen flyktninger
Birk Lundgren, Lura

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.